

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



Møtedato: 30.mai 2008, kl. 09:00 – 15:00
Stad: Gol, Gol kommunehus

**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte frå Regionrådet:

Erik Kaupang,	Hol kommune (sak 37 – 41)
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Dag Stenersen og Laila Tryde, og regionkontakt Terje Moen.

SAK 37/08 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 25.4.2008

Vedtak

Møteprotokoll 25.april 2008 vart vedteke.

SAK 38/09 TRENINGSVILKÅR FOR UNGDOM I HALLINGDAL

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal vil oppmode idrettslaga/kommunane i Hallingdal til å vera velvillige til at aldersgruppa 16 – 19 år i Hallingdal Fotballklubb (HFK) får gratis treningstid og kamptid på respektive fotballbanar. Dette må sjølvsagt tilpassast dei enkelte laga sin aktivitet.

SAK 39/08 SØKNAD OM TILSKOT TIL UTARBEIDING AV ”STEDSANALYSE” OG REGULERINGSPLAN, GOL KOMMUNE

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til det blir løyvd tilskot på inntil 50% av kostnadane, innafor ei tilskotsramme på kr. 125.000, til tettstadanalyse for Gol tettstad.
2. Regionrådet for Hallingdal rår til at det ikkje blir løyvd midlar til reguleringsplanarbeidet for Gol tettstad.
3. Tilskotet blir finansiert av parterskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2008.
4. Regionrådet for Hallingdal vil signalisere overfor Buskerud fylkeskommune at det kan vera aktuelt med eit regionalt prosjektsamarbeid om stadsutvikling.
5. Regionrådet for Hallingdal rår kommunane i Hallingdal, som region, til å vera med på prosjektsamarbeid om stadsutvikling, som Buskerud fylkeskommune har initiert.
6. Dagleg leiar skal undersøkje moglegheten for om Hallingdal som region kan vera aktuell som BLEST-deltakar.

SAK 40/08 SØKNAD OM TILSKOT, HEMSEDAL JAZZFESTIVAL

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår til at det ikkje blir løyvd midlar til Hemsedal Jazzfestival.

SAK 41/08 PROSJEKT , ”SKILTING OG TILRETTELEGGING LANGS VEIENE I BUSKERUD”

Prosjektleiar Randi Frellumstad og reiselivskoordinator Bente Bjerknes, frå Buskerud fylkeskommune, orienterte om prosjektet ”Skilting og tilrettelegging langs veiene i Buskerud” og konkret tiltak i forhold til utsiktsrydding. Det skal m.a. arbeidast vidare med mål å få til eit eige ”ryddeprosjekt” der Hallingdal, Numedal og Hurum er prioritert. Presentasjon er lagt ved.

SAK 42/08 ORIENTERING HALLINGDAL REISELIV

Styreleiar Knut Einar Haug og dagleg leiar Gunn Eliassen i Hallingdal Reiseliv orienterte om drift og arbeidet i Hallingdal Reiseliv. Presentasjon er lagt ved.

SAK 43/08 EVENTUELT

Planlagt energiexperimentarium i Ål

Torleif Dalside orienterte om planlagt Energiexperimentarium i Ål Folkepark. Regionrådet for Hallingdal syntes dette var eit spennande prosjekt for Hallingdal.

Barnevern

Regionrådet drøfta barnevernstenesta i Hallingdal. Den enkelte ordførar drøftar dette vidare i den einskilde kommune.

Rv 7 Sokna - Ørgenvika. Forslag til bompengoordning

Rapport frå Statens vegvesen vedr. bompengefinansiering Sokna – Ørgenvika er klar. Buskerud fylkeskommune tek sikte på å handsame forslag til bompengoordning før ferien, og det er eit ynskje at kommunane i Hallingdal også gjer det. Dagleg leiar utarbeidar utkast til sak for kommunane med bakgrunn i fylkeskommunen si saksutgreiing.

Ål 6.6.2008

Knut Arne Gurigard
Regionrådet for Hallingdal
Dagleg leiar

Vedlegg: - Presentasjon Hallingdal Reiseliv
 - Presentasjon om prosjektet ”Skilting og tilrettelegging langs veiene i Buskerud”